



Magne Huglen har enno ikkje bestemt seg for om han skal nytta det gamle brudekket etter støypa heilt ny bru ved Dønhaughølen. Slik har den havarerte brua lege sidan flommen (Foto: Ola Matti Mathisen).

Fordi brua hans over vassdraget ved Dønhaughølen vart undergrave og øydelagt, fekk Magne Huglen sin eigedom ein skade for over 600.000 kroner under flommen i fjor haust. Men det var fleire grunneigarar langs Uskedalselva som vart påført skader for over 100.000 kroner. Dette er den største skadeflommen ein har hatt i Kvinnherad og i Uskedalen i nyare tid.

Fleire fekk store skader på forbygningane som tidlegare er gjort av NVE og dei må gjenoppsettast. Dette arbeidet er allereie godt i gang og er også ferdig einskilde stader. Fleire av grunneigarane på baa sider av elva har gjennomført reparasjonane og fått erstatning utbetalt.

Det er lensmann Jan Fosse som gjev uskedalen.no desse opplysningane, Det er hans oppgåve å taksera skadene og innstilla på erstatning for styret i Naturskadefondet. Han formidlar også skadeutbetalingane og sjekkar at arbeidet er gjort. Dei som har fått skadene, har ein frist på tre år for å retta dei opp att. I fjor vart det gjort ei endring som inneber at forsikringsselskapa skal dekkja meir av skadene, særleg rundt gardstun og bustader, men dette er ikkje lensmannen sitt bord.

Lensmann Fosse har leia mellom 30 og 40 skjønn rundt i heile kommunen etter flommen i fjor haust og han trur at den samla skadesummen kjem til å overstiga to millionar. Det var slett ikkje berre Uskedalen som vart hardt ramma. Berre langs Æneselva vart det skader for over ein million, men skademønsteret var annleis der enn i Uskedalen fordi det her ikkje er så mange grunneigarar med dyrka mark ved elva. I Omvikdalen var det få skader.

Når det gjeld skaden ved Dønhaughølen, har Magne Huglen enno ikkje bestemt seg for om han skal nytta brudekket att eller om det skal støypast ei ny bru. Førabels er prosjekteringa i gang. Det skal også settast opp ein ny, 120 meter lang mur langs elva. I tillegg skal ridebana gjenoppsettast og det skal plantast.

Av Ola Matti Mathisen